HALD RIKSMÅLET UTE AV SKOLEN — UNGANE SKAL LÆRE NORSK!

MØT OPP PÅ GRØNLAND TORG KL. 12.00

Målseksjonen

www.pdf-arkivet.no/1mai/ (april 2012)

Hald riksmålet ute av skolen, ungane skal lære norsk. Dette blir den viktigaste parole for målseksjonen i Fagleg 1. maifront sitt tog i år. Språkrådet, som er eit rådgivande organ for staten i språksaker, har godkjent ord som muld, bro og fet i lærebøkene. Slike ord finst ikkje i dialektane, det er reint dansk. Ingen som ønskjer at ungane skal lære godt norsk, kan godta slikt. Eit stadig meir danskprega riksmål i skolen fører til at ungane får vansker med å lære morsmålet sitt. Og det undergrev det norske språket.

JA TIL SIDEMÅLSSTILEN — ALLE MÅ FÅ LÆRE NYNORSK!

Frå konservativt hald vert det retta stadige åtak mot opplæringa i sidemål i skolen. Blir sidemålsstilen fjerna vil storparten av skoleungdommen ikkje få opplæring i nynorsk. Dette vil føre til ei endå sterkare diskriminering av nynorsk. Det er ille nok som det er i dag, med lite lærebøker og dårleg opplæring. Det blir vanskeleg å velje fritt kva skriftmål ein vil bruke. Nynorsk byggjer på alle dialektane, og det er naturleg at alle nordmenn får opplæring i nynorsk.

OSLO-MÅLET ER EI NORSK DIALEKT — BRUK HO OVERALT!

Svært mange Oslo-folk har fått høyre at målet deira er stygt «slang», «slurv» osb. Men Oslo-dialekta er ikkje forderva bokmål — det er ei norsk dialekt like god og uttrykksfull som dei andre. Oslo-folk må ha retten til å bruke dialekta si i all tale og ikkje bli pressa til å knote riksmål.

I tillegg til desse hovudparolene vil vi bere fleire underparolar. Og som parole for seksjonen har vi:

SNAKK DIALEKT — SKRIV NYNORSK
MOT ALL KUING AV NORSK MÅL

Målseksjonen i Fagleg 1. maifront 1979

A/S Duplotrykk Oslo 1979

www.pdf-arkivet.no/1mai/ (april 2012)